



Coop Modalen  
Styreleiar Harald Kjensli  
Mo 6  
5732 MODALEN (Postboksadr.)

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/48 - 23/572

Saksbehandlar:  
Tonje Husum Aarland  
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:  
22.02.2023

## Svar - Søknad til næringsfondet frå Coop Modalen

Næringsfondsstyret i Modalen kommune har i sak 006/2023, d. 31.01.2023, gjort følgjande vedtak knytt til søknaden om tilskot frå næringsfondet til Coop Modalen sitt prosjekt «Ny butikk»:

### **NF- vedtak:**

*Modalen kommune løyver kr 700 000,- i tilskot frå næringsfondet til Coop Modalen til prosjekt «Ny butikk». Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:*

- 1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.*
- 2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.*
- 3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.*
- 4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.*

*Vedtaket er heimla i Vedtekter for næringsfondet (KS-sak 045/2017).*

Ber om at alle dokumenterte kostnader vert sendt samla til Modalen kommune via post eller e-post, merka: «Modalen næringsfond, sak 23/48 Coop Modalen».

Ta gjerne kontakt direkte med undertekna på e-post: [tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no](mailto:tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no) eller tlf.: 928 58 413 om det er spørsmål knytt til tilskotet.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**  
Coop Modalen

Mo 6

5732

MODALEN  
(Postboksadr.)